

Årsmelding 2022

Norheimsund Hamneutvikling SA er eit partlag skipa 11.03.2004 der 184 parthavarar har skote inn til saman kr 630.000 i partskapital. Føremålet er hamneutvikling og drift av gjestehamn i Norheimsund. Førrige ordinære årsmøte var 14.03.2022. Her fylgjer årsmelding for det 19. driftsåret, 2022:

1. Styret

Styret har vore: Hallvard Bjørgum, Stein Pedersen, Olav E. Sandven, Eivind Tysse og Geirmund Storaas (leiar). Styret har halde 3 møte i 2021 og handsama 15 saker.

2. Norheimsund GjesteHamn

GjesteHamna er populær og i god drift. Vinteromsetninga er basert på månadsleige og auka frå kr 108 tusen i 2021 til kr 143 tusen i 2022. Den oversjøiske trafikken er attende og me har båtar frå Latvia, Tyskland, Færøyane, Sveits, Belgia, Australia, Tsjekkia og sjølvst Noreg liggjande i vinter. Denne vintersesongen er god. Sommarsesongen juni, juli og august er basert på døgnleige. Sommarsesongen 2022 var prega av dei høge oljeprisane, og inntektene vart reduserte frå kr 312 tusen i 2021 til kr 196 tusen i 2022.

3. Norheimsund Rib Seafari

2022 var den fjerde sesongen med "Norheimsund Rib 1", ein rib av typen Humber Offshore 10 med 2 x 300 hk Suzuki-motorar. Total investering var lånefinansiert kring kr 1,3 mill. Billettsalet har vore kr 543 tusen, kr 819 tusen, kr 904 tusen og kr 880 tusen pr år, og båtlånet er betalt ned. Rib-prosjektet har vore ein stor suksess som er populært blant publikum og gjev likviditet til laget sin kasse. Kombinasjonen av dugnad og leigde skipperar fungerer godt, og optimismen rundt drifta er stor.

4. Bota Bunkers

Oljekaien "Bota Bunkers" kom i drift 03.10.2020. Me har hatt to fulle sesongar. Oljeprisane i 2022 gjorde at volumet gjekk ned, men dette vart kompensert av høgare prisar slik at bidraget frå drifta er like stort. "Bota Bunkers" er vorte ein miljøfaktor og eit trekkplaster for Norheimsund.

5. Dugnad og personal

Laget vert drive på dugnad, men cox på rib på dagtid i sesong og noko vask og vedlikehald vert betalt. Styret vil særskilt nemna bås Bjarte Nygård og tømmermann Svein Petter Bårsgjære. Dei syter for nær sagt dagleg oppsyn med anlegget. Dei siste åra har laget arrangert lunch for dugnadsjengen og andre kvar dag kl 1130 i messa. Her er alle interesserte hjarteleg velkomne.

6. Økonomi

Omsetninga var i 2022 kr 3,3 mill mot kr 3,2 mill i 2021. Overskotet var kr 120 tusen mot kr 222 tusen i 2021. Me sit att med eit lån på kr 2,0 mill etter dei siste åra å ha investert kr 1,3 mill i rib og kr 2,5 mill i oljekai. Med framleis stor dugnadsinnsats meiner styret at økonomien er under kontroll.

7. Takk

Norheimsund Hamneutvikling SA seglar i medvind og er vorte ein viktig bidragsytar til trivnad på heimlassen vår. Utan dei 184 parthavarane som gjennom kjøp av ein eller fleire 1000 kr-partar har gjeve laget kr 630 tusen i eigenkapital, og alle andre som bidreg med godvilje eller praktisk innsats ville ikkje dette vore mogeleg. Ein stor takk til alle.

Norheimsund, 17.01.2023

Styret

Hallvard Bjørgum, Stein Pedersen

Olav E. Sandven, Eivind Tysse

Geirmund Storaas (leiar)

Geirmund Storaas